

Kommunedelplan for klima, energi og miljø, 2021-2030, del 3 - handlingsdel.



Arbeidet med utvikling og gjennomføring av planen er lagt til eit eige prosjekt *Grøne Lærdal*. Gjennom prosjektet vil ein sikre forankring og vidare arbeid med visjonen til kommunen, og gjennom dette auke både kompetanse kring klima, og styrke omdømet til Lærdal. Utval for miljø og samfunnsutvikling er styringsgruppe for prosjektet. Planen, men denne handlingsdelen vart vedteken i Lærdal kommunestyre 11.02.2021.

## Arbeidet går ut på å:

- utarbeida kommunedelplan for klima-, energi og miljø 2021-2030, med handlingsdel.
- gjennomføre årleg evaluering av gjennomføring av tiltak, samt å utarbeide årleg statusrapport til kommunestyret.
- sørge for at aktuelle tiltak der kommunen har ei rolle, vert sett inn i handlingsplanen, når den vert revidert.
- bidra til at tiltak som omfattar næringslivet i kommunen, vert teke tak i dei ulike bransjane.
- halde oversikt over dei ulike finansieringsordningane og sikre føreseielege og forankra søknader til ulike tilskotsordningar.
- bygge og styrke kommunen og næringslivet sitt omdøme kring *Grøne Lærdal*.
- auka kompetansen kring klima- og miljøarbeidet i organisasjonen, men og generelt i kommunen.
- legge til rette for auka medvit og motivasjon til klimavenleg og berekraftig utvikling både for innbyggjarane, organisasjonen, næringslivet og besøkjande.
- utarbeida kommunikasjons- og mediestrategi og eigen grafisk profil for *Grøne Lærdal*.

- **Klimagassutslepp:** Dei direkte klimagassutsleppa i Lærdal kommune er halvert, og redusert med minst 10 000 tonn CO<sub>2</sub>e i 2030, samanlikna med utsleppa i 2018. I 2050 eit 0-utsleppssamfunn.
- **Klimatilpassing:** Færre og mindre omfattande skader ved klimarelaterte hendingar.
- **Energi:** Fossilfri, bærekraftig og sikker energiforsyning og energieffektiv produksjon og forbruk.
- **Miljø:** Mangfaldig og artsrik natur, naturvenlege kulturlandskap og sunt miljø.

GRØNE LÆRDAL Innsatsområde Delmål	Delmål	Tiltak	Ansvar og frist for gjennomføring
<b>Klima og miljøvennlige, energieffektive arbeidsplassar.</b>  (Systemutvikling for grønn omstilling i alle kategoriar av verksemder.)	Klimarisiko, med deltema, er inkludert i arbeid med analyse og vurdering av risiko- og sårbarheit i 80 % av verksemdene i Lærdal.	1. Felles kompetansetiltak med bidrag frå aktuelt kompetansemiljø.	Næringsorganisasjonane. Næringsansvarleg i kommunen. Innan 2025.
	Minst 30 verksemder og arrangement i Lærdal har vorte miljøsertifisert. (12 reiselivsverksemder har allereie vore sertifisert, og nokre er det enno).	2. Lærdal kommune miljøsertifiserast.	Rådmannen, einingsleiarar og miljøfyrtårnkoordinator. Innan 2030.
	Minst 50 % av alle verksemder i Lærdal har kunnskap om sirkulær økonomi og konsekvensane det gjev.	3. Presentasjon av sertifiseringsordningar for næringsliv og offentlege verksemder i Lærdal. Nettverk for dei som startar opp (gjennomsnittleg 2 per år).	Kommunen ved næringsansvarleg og næringsorganisasjonane. Innan 2021/2030.
	Minst 50 % av alle mjølkebruk/ husdyrbruk og korn/bær/frukt/ grønsaksbruk brukar klima-kalkulator i planlegging av drifta, når relevant kalkulator er utvikla.	4. Felles kompetansetiltak med bidrag frå aktuelt kompetansemiljø.	Kommunen ved næringsansvarleg og næringsorganisasjonane. Innan 2025.
	Minst 50 % av alle mjølkebruk/ husdyrbruk og korn/bær/frukt/ grønsaksbruk brukar klima-kalkulator i planlegging av drifta, når relevant kalkulator er utvikla.	5. Deltaking i testing av nye kalkulatorar, eller felles kompetansetiltak så snart som mogleg etter at nye kalkulatorar er lansera.	Norsk landbruksrådgiving og landbruksorganisasjonane, samt kommunen ved landbruksansvarleg. Innan 2030.
	Klimarekneskap og klimabudsjett er ein del av årshjulet i arbeid med økonomiplan og budsjett i Lærdal kommune.	6. Kompetanseutvikling om klima-rekneskap og klimabudsjett ved å bruka rettleiarar som er utarbeida til føremålet. Utvikla eige klimabudsjett.	Rådmannen og økonomiansvarleg, samt einingsleiarar. Etter første runde med miljøsertifisering. Frå 2025/2026.
	Lærdal kommune utviklar eigen strategi for sirkulær økonomi for kommunen som verksemd.	7. Utarbeiding av forslag, med handsaming. Innarbeiding av ny praksis.	Rådmannen, utviklingsansvarleg, innkjøpsansvarleg og andre. Innan 2021.

	Lærdal kommune utviklar forventningar til klima- og miljøprestasjonar i sin eigarstrategi for kommunale og interkommunale selskap.	8. Vurdering av eksisterande innhald og utvikla eventuelle nye strategielement med forventningar og ambisjonsnivå innan klima- og miljø, i kommunal eigarstrategi for kommunale og interkommunale selskap. Læra av dei beste i landet.	Rådmann/ordførar. Ved rullering. Innan 2022.
<b>Klima, energi- og miljøvennleg kultur- og næringsverksemd.</b>	<b>Kultur og næring generelt</b>		
	Grøn næringsutvikling. Minst 5 nye grønne verksemdar, der det natur- og kulturbaserte ressursgrunnlaget skal vera sentralt.  Knoppskyting innan næringar der kommunen har sterke fortrinn.	9. Grønne verksemdar i Lærdal. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Merkevarebygging: Kva er kjenneteikn på ei grøn verksemd i Grøne Lærdal? Utvikla sams kriterier for grønne verksemdar.</li> <li>• Satsing for utvikling av idear, gründarar og næringsaktørar for ny eller endra grøn verksemd.</li> </ul>	Næringsorganisasjonane i Lærdal og Lærdal kommune, ansvarlege for næring, kultur og landbruk. Innan 2024.
	Lærdal, vakker og ryddig som innbyggjarane kan vera stolte av.	10. Årlege ryddeaksjonar (eller ved behov), der ein tek tak i einskilde fraksjonar av avfall som må ryddast. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vårrydding i heile bygda, der mange er med og bidreg.</li> <li>• Kapasitet og ressursar til å halda ved like grøntareala, samt rydding og plantning i sentrumsområdet.</li> </ul>	Lærdal kommune: plan og forvaltning og tekniske tenester. Lag og foreiningar. SIMAS. Aktuelle næringar/bransjar.  Kontinuerleg.
<b>Klima-, energi- og miljøvennleg kultur- og næringsverksemd.</b>	<b>Logistikk og transport</b>		
	Lærdal, knutepunkt for transport i Vestland fylke.	11. Etablere bussoppstillingsplass for bussar, med varierte servicetilbod for gjennomreisande. Tilbod om fossilfritt drivstoff for bussar, når det let seg gjennomføra. Læra av dei beste i landet.	Lærdal kommune, plan og forvaltning. Næringsaktørar i Lærdal, med fleir. Innan 2025.

Klima-, energi- og miljøvennleg kultur- og næringsverksemd.		12. Etablere fossilfrie drivstoffløysingar og ladepunkt for tunge og lette køyrety, samt andre servicefunksjonar, som omlasting på Håbakken.	Leiarar innan logistikk og transport, reiseliv og handel. Næringsorganisasjonane. (Kommunen ved utviklingsansvarleg og næringsansvarleg.)Innan 2030.
	90 % av alle kjøyrety er fossilfrie før 2030.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablere ladepunkt for køyrety i sentrum, og på plassar der det er naudsynt.</li> </ul>	
		13. Ta i bruk fossilfrie køyrety når dei er tilgjengelege på marknaden og det er etablere drivstofftilgang.	Leiarar innan logistikk og transport og i anna næring. Innan 2030.
	Ny eller utviding av eksisterande verksemd, for utleige av fossilfrie køyrety, maskinar og reiskapar, samt smart-teknologi.	14. Utreia behov og moglegheiter for auka utleige av eksisterande og nye typar fossilfrie køyrety, maskinar, reiskapar og smart-teknologi for alle bransjar.	Leiarar innan logistikk og transport. Næringsorganisasjonane. Innan 2022.
	<b>Reiseliv</b>		
	Frå kvantitet til kvalitet. Kortreist og mest mogleg fossilfri turisme. Varierte tilbod av opplevingar, som gjer at tilreisande vert verande lenger i Lærdal.	15. Marknadsføring av destinasjon Lærdal i Noreg og land der tilreisande ikkje kjem langvegs, med fly eller i kombinasjon med cruise.	Visit Sognefjord, med fleir. Innan 2021.
		16. Fleire reiselivsprodukt basera på lokal kultur-, natur- og kulturlandskap (opplegg med guide). Kanalisert ferdsel.	Leiarar i reiseliv og landbruk. Lærdal kommune: leiarar for landbruk, kultur og næring. Innan 2025.
	Vurdera klimarisiko (overgangsrisiko) ved besøk frå cruiseskip.	17. Gjennomføra risikoanalyse og naudsynte tiltak som resultat av dette.	Næringsorganisasjonane. Lærdal kommune. Innan 2020/2021.
	Minimera matsvinn.	18. Kompetansetiltak i verksemdene. Lære av dei beste i landet.	Handel- og reiselivsleiing. Innan 2025.
	Minimera og forbetra bruken av eingongsservise.	19. Endra førekomst, innhald i - og handsaming av eingongsservise.	Leiarar i handelsnæring, reiselivs-bransjen og arrangements-ansvarlige. SIMAS. Innan 2025.

<b>Klima-, energi- og miljøvenleg kultur og næringsverksemd.</b>	Tilstrekkeleg tilgang på renovasjon og reine toalett, og reinsing av avløp.	20. Gjennomgang av løysingar og behov ved innfallsportar og knutepunkt.	Leiarar innan reiselv. SIMAS. Lærdal kommune, teknisk, kultur og næring. Innan 2030.
	Betra kapasitet og design av avfallssystemet i Gamle Lærdal.	21. Utvikla og utforma eit avfallssystem som er tilpassa mykje besøk, med eit design som passar i byggmiljøet i Gamle Lærdal.	Leiarar i verksemdar i Gamle Lærdal, Lærdal kommune ved tekniske tenester, kultur og SIMAS. Innan 2025.
	Styrka eksisterande og utvikla grunnlag for ny verksemd i reiselivet. Lokal verdiskaping framfor eksport av råvarer. <ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid mellom reiseliv og landbruk. Nye attraksjonar.</li> </ul>	22. Bygge samarbeid på tvers av bransjane om lokal matprodukt, matopplevingar, vegetarkokk. Bruk av naturgjevne råvarer. <ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikla nye attraksjonar.</li> <li>Utvikla eksisterande attraksjonar med grønare profil.</li> </ul>	Leiarar innan reiseliv og landbruk. Næringsorganisasjonane. Næringsansvarleg i kommunen. Innan 2025.
	Fossilfrie transportløysingar i reiselivet lokalt og regionalt.	23. Prøva ut nye løysingar, mogleg som pilotprosjekt.	Leiarar innan reiseliv. Innan 2030
	<b>Landbruk</b>		
	Klimasmart landbruk i Lærdal. (Resultat frå nyare forskning.)	24. Landbruket i Lærdal følger opp klimaplanen for landbruket: <ul style="list-style-type: none"> <li>Bruka klimakalkulatorar.</li> <li>Endra til fossilfritt drivstoff når det er tilgjengeleg, samt smart-teknologi.</li> <li>Bruka fossilfri energi til energiforsyning og oppvarming, der det er aktuelt.</li> <li>Prøva ut nye fôrings- og avsløysingar når dei er ferdig forska og utvikla.</li> <li>Nytta klima- og miljøvenlege gjødslingsmetodar, ut i frå ny forskning.</li> <li>Jorda som karbonlager (ny forskning).</li> </ul>	Lærdalslandbruket. Innan 2030.
	Styrka opptak av CO <sub>2</sub>	25. Gjennomgang av tema skog (og anna utmark) for å nytta potensialet i opptak av CO <sub>2</sub> . Planting / karbonlagring, med meir.	Lærdalslandbruket. Lærdal kommune: Landbrukskontoret. Skogbruksansvarleg. Innan 2030.



<b>Klima-, energi- og miljøvenleg kultur og næring.</b>	Utnytta moglegheiter som finst i endra klima og lengre vekstsesong.	26. Vurdera og prøva ut nye løysingar for å nytta fordelane av endra klima, som auka beitesesong, ulike vekstar, med meir.	Lærdalslandbruket.  Innan 2030.
	Positivt arealrekneskap i landbruk, meir landbruksareal enn mindre. Minst 13000 daa i drift kvart år.	27. Ved omregulering eller omdisponering, skal jorda takast vare på og det vert lagt til rette for erstatningsareal.	Lærdal kommune, plan og forvaltning og landbruk. Frå 2021.
	Ansvarleg handtering av landbruksplast.	28. Utvikla funksjonell ordning for innsamling og handtering.	Lærdalslandbruket, Lærdal kommune ved tekniske tenester og SIMAS. Innan 2023.
	Nye produkt og verksemder basera på landbruket i Lærdal.	29. Prosjekt innan produktutvikling og kanskje etablering av vegetarkokk. Verdiskaping innan jakt og fiske.	Næringsansvarleg i Lærdal kommune og Lærdal Grønt. Innan 2025.
	<i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i> Sikre at drift og arealbruk ikkje forureinar vatn, vassdrag og grunnvatn.	30. Sikra at det er kantsonar rundt areal mot vatn, der det er naudsynt. (Vassressurslova § 11)	Brukarar i Lærdalslandbruket. Plan og forvaltning, landbruk, tekniske tenestar. Innan 2025.
		31. Ansvarleg bruk av gjødsel og sprøyte-middel. Følgje med på resultat av målingar i vassdrag, grunnvatn og jord.	Brukarar i Lærdalslandbruket. Lærdal kommune, tekniske tenestar, landbruk, plan og forvaltning. Frå 2021.
		32. Bruka kunnskap om-, og moglegheiter innan bruk av fangvekster (forsking).	Brukarar i Lærdalslandbruket. Innan 2030.
		33. Halda sikringstiltaka ved vassdraga i stand.	Lærdal kommune: plan og forvaltning, tekniske tenestar. Eigarar av private sikringstiltak. NVE. Innan 2030.
	<i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i> Naturvenlege kulturlandskap.	34. Betre koordinering av areal for spreing av husdyrgjødsel. Og tilstrekkeleg med lagringskapasitet.	Brukarar i landbruket. Lærdal kommune: landbruk. Innan 2030.
		35. Utvikle kompetanse om etablering og vedlikehald av blomstereng for betre livsmiljø for pollinerande insekt.	Lærdal kommune: Landbruk. Norsk kompetansesenter for blomstereng ved NIBIO. Lærdal bondelag. Innan 2025.

Klima-, energi- og miljøvennleg kultur og næring.	Kvalitetar i kulturlandskapet vert teken vare på med skjøtsel og tiltak for å halda det i hevd og styrke artsmangfald.	36. Utvikle kompetanse om bakkehekkande fuglar og korleis ein kan leggja til rette for deira liv i kulturlandskapet.	Lærdal kommune, landbrukskontoret, Lærdal bondelag og Norsk ornitologisk foreining. Innan 2025.
		37. Sikra naturmangfaldet i kulturlandskapet med omsyn til ulike naturtypar, randsoner, insektfauna, bakkehekkande fuglar m.v.	Lærdalslandbruket. Lærdal kommune, landbruk. Kontinuerleg frå 2021.
		38. Tilrettelegging/stimulera til at bonden kan søke midlar til gjennomføring av «Det grønne skiftet»	Lærdalslandbruket. Lærdal kommune, landbruk. Kontinuerleg frå 2021.
	<b>Bygg og anlegg</b>		
	Bruk av miljøvennlege materialar aukar.	39. Utvikling av praksis hjå utbyggerar, entreprenørar og byggevarehandel. Tre og massivtre/ miljøvenleg betong/ overflatehandsaming, med meir. Felles tiltak for kompetanseheving.	Leiarar i bygg og anlegg. Næringsansvarleg. Frå 2021.
	Grøne tomter, med god energiutnytting, fossilfri transport og byggeplassar, miljøvenleg materiale, moderne teknologi og utbyggingsmønster. Det vert bygga og rehabilitert med høg klima-, energi- og miljøstandard og godt tilpassa Lærdal. Vindtilpassa og råtebestandig. (Utover Tek 17.)	40. Undersøke bruk av grønne gebyr og andre ordningar for høgare byggstandard. 41. Pilotprosjekt / forbildeprosjekt med utbyggingsområde som kan vera «utstillingsvindauge» og erfaringsbank i Lærdal. 42. Forbildeprosjekt innan rehabilitering av eksisterande bygg – og verneverdige, ved bruk av spesialkompetanse og tilskotsmidlar.	Lærdal kommune: plan og forvaltning, tekniske tenester. Frå 2022.  Utbyggjarar, eigedomsutviklarar, byggherrar og leiarar i bygg og anlegg og Lærdal kommune. Innan 2030.
	Fossilfrie byggeplassar.	43. Skifte av drivstofftype /energiløysingar på byggeplassar. Læra av dei beste i Noreg.	Leiarar i bygg og anlegg. Lærdal kommune, næringsansvarleg. Innan 2025.
	Auka gjenvinning ved riving.	44. Kompetanse – og praksisutvikling.	Leiarar i bygg og anlegg / SIMAS. Innan 2030.
	Miljøskadelege rivingsmateriale vert teken hand om.	45. Kompetanse – og praksisutvikling.	Leiarar i bygg og anlegg / SIMAS Innan 2030.



<b>Klima-, energi- og miljøvennleg kultur og næring.</b>	Auka merksemd rundt råte i bygg.	46. Kompetanse - og praksisutvikling, merksemd rundt kulturminne og kulturmiljø	Eigedomsutviklarar, leiarar i bygg og anlegg. Innan 2030.
	Færre vindskader på bygg og anlegg i Lærdal.	47. Kompetanse - og praksisutvikling.	Eigedomsutviklarar, leiarar i bygg og anlegg. Innan 2030.
	<b>Handel</b>		
	Minimera og endra bruk av emballasje.	48. Praksisutvikling i næringa når nye løysingar er utvikla i tråd med EU sitt initiativ innan ombruk av emballasje, med vidare.	Leiarar i daglegvarehandel og anna handelsnæring. Innan 2030.
	Mindre og meir miljøvennleg avfall frå eingongsservise.	49. Mest mogleg miljøvennelege, biologisk nedbrytbare eingongsartiklar i handelen.	Leiarar i daglegvarehandel og anna næring, samt arrangement. SIMAS. Innan 2021.
	Fossilfri transport og bærekraftige bygg.	50. Endre til fossilfritt drivstoff. Fremma energieffektive bygg.	Handelsnæringa.
	Sirkulær økonomi. Fleire varer kan repareras og brukast om att.	51. Utgreie og vurdera grunnlaget for meir reparasjon og gjenbruk av varer i handelen i Lærdal, for å finna potensial for nye verksemdar eller utviding av eksisterande.	Næringsleiarar innan handel. Næringsansvarleg i Lærdal kommune. Innan 2023.
	Lokale produkt for sal.	52. Styrka lokale produkt for sal i Lærdal.	Næringsleiarar og Lærdal kommune: næringsansvarleg. Innan 2025.
	<b>Kultur</b>		
	Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren nyttast i Lærdal.	53. Utvikla tiltak i tråd med <b>grønt vegkart</b> for kunst- og kultursektoren. Klima, energi og miljø som tema i formidling på ulike arenaer.	Lærdal kommune, kulturansvarleg, med fleir. Frå 2021.
		54. Plastfritt bibliotek. Avviklar laminering av bøker, bruk av plastposar, med meir.	Lærdal kommune, kulturansvarleg. Innan 2022.
		55. Utgreia og vurdera etablering av sal- og utleigeverksemd for klima-, energi og miljøvennleg arrangementsutstyr.	Næringsansvarleg/arrangementansvarleg og leiarar av arrangement. Innan 2025.
		56. Vurdera innslag av reparasjon i tilboda som presenterast på Lærdalsmarknadane.	Styret og leingi i Lærdalsmarknadane. Innan 2025.

<b>Klima-, energi- og miljøvenleg kultur og næring.</b>	<b>Kraftverk og nettselskap</b>		
	Sikker og energieffektiv energi-produksjon og nett.	57. Sikra anlegga for endra klima og oppdatera/oppgradera anlegga for energieffektiv produksjon og distribusjon.	Leiarar i kraft- og nettselskap. Innan 2030.
	Berekraftig energiproduksjon.	58. Omsyn til klimagassutslepp-, energi-effektivitet og miljø vert vektlagt i all aktivitet.	Leiarar i kraft- og nettselskap. Innan 2030.
	<b>Lærdal kommune som verksemd</b>		
	Tydeleg miljøleiing i Lærdal kommune.	59. Utvikla miljøleiing i kommuneorganisasjonen. Utvikla og integrera sams mål og strategiar.	Lærdal kommune: Rådmannen Innan 2025.
Lærdal kommune er ein klima-, energi- og miljømedviten aktør i offentlig innkjøp.	60. Utvikla miljøpolicy for offentlege innkjøp og integrera den i organisasjonen og systema, samt utgangspunkt i interkommunale samarbeid. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Strategi for sirkulær økonomi.</li> <li>• Vurdera kva for innkjøp som belastar miljøet mest, og utforma relevante miljøkrav.</li> <li>• Utvikla krav for fossilfrie byggeplassar.</li> <li>• Utvikla krav for førbilde/pilotprosjekt for utbygging og/eller rehabilitering av kommunalt bygg.</li> <li>• Utvikla klima-, energi og miljøkriterier for tilskotsmidlar til næringsliv og andre. (Klimarisikovurdering, klimagass-reduksjon, energieffektivitet.)</li> </ul>	Lærdal kommune ved innkjøps-ansvarleg. Tekniske tenester. Innkjøparar i kommunen og plan og forvaltning.  Innan 2023.	

<b>Klima-, energi- og miljøvenleg kultur og næringsverksemd.</b>	Lærdal kommune, god på ENØK	61. ENØK-planen reviderast og arbeidet med oppfølging integrerast i miljøsertifiseringsarbeidet.	Lærdal kommune, tekniske tenester. Innan 2023.
	Lærdal kommune skal leggja til rette for bruk av fossilfrie kjørety og transportløyningar så langt det er mogleg, i alle einingar.	62. Utgreia behov for ladestruktur, kjørety, krav i eventuelle bil-leigeavtalar, løysingar for bruk av el-syklar, el-sparkesyklar eller andre framkomstmiddel i alle einingar.	Lærdal kommune: Rådmannen, HR og einingsleiarane. Innan 2025.
	Lærdal kommune er ein pådrivar i å planleggja og gjennomføra klima-, energi- og miljøvenlege bygg i kommunale prosjekt.	63. Lærdal kommune fremmar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Standard utover Tek 17.</li> <li>• Energieffektive løysingar eller og produksjon av energi. Energikarakter B eller betre.</li> <li>• Miljøvenlege materialar og overflatehandsaming.</li> <li>• Fossilfrie byggeplassar.</li> </ul>	Lærdal kommune: Teknisk drift. Innan 2030.
	Hindra at avfall oppstår og sortering av minst 5 fraksjonar av avfall.	64. Utvikla strategiar for at ting kan vara lenger, gjenbruk og minst 5 fraksjonar avfall sorterast.	Lærdal kommune: Teknisk drift Innan 2022.
	Lærdal kommune skal ha ein møte- og reisepolicy som fremmer moglegheiter for tilsette til å ta klima- og miljøvenlege val.	65. Utvikla møte- og reisepolicy for Lærdal kommune.	Lærdal kommune: HR Innan 2023.
<i>Grøne Lærdal:</i> <b>Klima-, energi og miljøvenleg arealbruk, bumiljø og bygg.</b>	<i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i> Bevare hovuddraga og store samanhengande område i landskapet i fjellområda, kulturlandskapet, vassdraga med fossestryk og fjordlandskap i Lærdal. Utan større tekniske inngrep.	66. Føretrekka konsentrasjon av område med bu- og fritidsbygg og næring, med fellesløysingar. 67. Omsyn til landskapsverdiar og klima-, energi og miljø vert inkludert i vurdering av etablering og avgrensing av areal for bustader, næring og fritidsbygg. Utarbeida og bruka arealrekneskap.	Lærdal kommune: plan- og forvaltning. Frå 2020.

<b>Klima-, energi og miljøvennleg arealbruk, bumiljø og bygg.</b>	<p><i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i></p> <p>Alle planforslag som angår overflatevatn eller grunnvatn vert vurdera etter miljømål i gjeldande regional plan for vassforvaltning. (Vassforskrifta).</p>	<p>68. Bruka eksisterande eller utvikla nye rutinar i plan og forvaltning. Utgangspunkt i økologisk og kjemisk tilstand i vassressursane. (Plan for biologisk mangfald.)</p> <p>69. Utvikla vurderingskriterier for korleis vassførekomstar skal takast omsyn til i planarbeid.</p> <p>70. Vurdere krav om å undersøkje miljøkvalitetar i vassstrenger ved regulering.</p>	<p>Lærdal kommune, plan og forvaltning. Innan 2026.</p> <p>Innan 2023.</p>
	<p><i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i></p> <p>Oversiktleg, tilstrekkeleg og lett tilgjengeleg dokumentasjon av god kvalitet, av naturverdiar til planarbeid for all sakshandsaming.</p>	<p>71. Utvikla plan for biologisk mangfald til bruk i forvaltning av naturverdiar. Inkludert fjellområde, vassdrag, bekkeløfter, fjord, kulturlandskap, og med strategiar angående framande artar. Sikra at tidlegare verdsetting av naturtypar vert oppdaterte og riktige. Utvikla omsynssoner i arealdelen, der det er naudsynt. Eller eige temakart.</p>	<p>Lærdal kommune: Plan- og forvaltning. Landbruk.</p> <p>Innan 2025.</p>
	<p><i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i></p> <p>Særmerkt for Grøne Lærdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oversikt, tilstrekkeleg og lett tilgjengeleg kunnskap om insekt og edderkoppdyr i kommunen.</li> <li>• Dei mest mangfaldige grøntareal og vegskråningar i landet!</li> </ul>	<p>72. Samanstilling av eksisterande kunnskap om insekt og edderkoppdyr i Lærdal, med forslag til forvaltningsgrep for plan- og forvaltning, pedagogiske opplegg i barnehagar og skular, for tilrettelegging i landbruket og skjøtsel av kommunens grøntareal, vegskråningar ved ulike typar vegar, samt forslag til lokasjonar for skilting med opplegg for skule og reiseliv.</p>	<p>Lærdal kommune: plan og forvaltning, landbruk, oppvekst, teknisk drift, næring.</p> <p>Ansvarlege for drift av vegar og vegskråningar.</p> <p>Innan 2023.</p>
	<p><i>Grøne Lærdal, på lag med naturen!</i></p> <p>Klimatilpassa, naturbasera overvasshandtering er førsteval ved utbygging av nye område for bustader og næring.</p>	<p>73. Naturbaserte, klimatilpassa, solide løysingar for handtering av overvatn, som fremmer naturmangfald, god estetikk og miljø. Dette kan og vert knytt til etablering av svalande skugge for varme sommardagar.</p>	<p>Utbyggjarar. Lærdal kommune, plan og forvaltning og tekniske tenester.</p>

<b>Klima-, energi og miljøvennleg arealbruk, bumiljø og bygg.</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav om plan for handtering av vatn og overvatn ved all utbygging, med gjeldande klimapåslag.</li> <li>• Sikra eksisterande område med våtmark, skog, med meir, som held tilbake vatn.</li> </ul>	Frå 2020.
	<b>Allsidige bumiljø:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vekt på fortetting, for reduksjon av utsepp av klimagassar, samt miljøvenlege, energieffektive og klimarobuste løysingar.</li> <li>• Fremja estetikk, svalande plassar i grønne lungar, funksjonelle møteplassar inne og ute for ulike aldersgrupper.</li> </ul>	74. Ta vare på eller etablera gjennomgåande grøntareal der dette er mogleg. Fremma folkehelse og nærfriluftsliv ved å ivareta eksisterande eller etablera ny tilkomst til turvegar og stiar frå bustadområde.	Lærdal kommune: Plan og forvaltning.
		75. Etablera møteplassar for alle aldrar i alle bumiljø og grender med, til dømes, leikeplassar, lavvoar, gapahukar, ballbingar, sitte-plassar, benkar og bord. Særskilt merksemd på ei aldrande befolkning.	Frå 2020.
	Tilrettelegging for gåande, syklande og andre mjuke trafikantar med vekt på innovative løysingar og sikkerheit.	76. Betra vilkåra for mjuke trafikantar, med mest mogleg gjennomgåande løysingar frå sentrum og ut i grendane, der det er mogleg, og i dei einskilde grendane, og som tek høgde for nye elektrifiserte framkomst-middel. Energieffektive gateløys.	Lærdal kommune: Plan og forvaltning. Teknisk drift.
	Rutine for integrering av klima-, energi og miljø i planar (regulering) i Lærdal kommune.	77. Utvikla rutine for integrering av klima-, energi og miljø i planar for regulering.	Frå 2020.
<b>Grøne Lærdal:</b>  <b>Kompetanseutvikling omkring klima-, energi og miljø</b>	Oversikt over-, og innsikt i nye systemgrep, innovasjonar og teknologiløysingar som er aktuelle for <i>Grøne Lærdal</i> .	78. Arrangera/delta på webinarer og videomøter og anna arenaer med ressurspersonar frå ulike miljø og frå beste praksis i landet, i Europa eller verda.	Leiarar i offentlege og private verksemdar i Lærdal, samt lag for foreiningar. Arena biblioteket, med fleir. Kontinuerleg frå 2020.
	Forskingsbasera innovasjon og utvikling.	79. «Grøn universitetskommune.» Utvikla samarbeid med utviklingsmiljø og	Leiarar i næringslivet og i kommunen.

		<p>forskingsinstitusjonar om ny kunnskap, innovasjon og utvikling.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeida prosjekt / delta i utvikling og testing av nye løysingar.</li> <li>• Kompetanse om finansieringsordningar.</li> </ul>	Gjennom heile perioden til 2030.
<p><i>Grøne Lærdal:</i></p> <p><b>Klima-, energi og miljømedvetne Lærdøler</b></p>	<p><i>Grøne Lærdal</i> vert innarbeidd som omgrep og med relevant lokalt innhald i aktivitetar i barnehagar og på ulike trinn og i ulike tema i grunnskulen.</p>	80. Gjennomgang av overordna planar og læreplanar for å identifisera område der Grøne Lærdal har ein naturleg plass (ikkje som tillegg til eksisterande opplegg, men integrert i det ein gjer).	Lærdal kommune, ansvarlege for oppvekst, utvikling, tekniske tenester og landbruk.
	<p>Redusera og endra forbruk og hindra at avfall oppstår. Dessutan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Størst mogleg folkehelse med kommunen sine ressursar.</li> <li>• Legge til rette for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet.</li> <li>• Utjamna sosiale skilnader.</li> </ul>	<p>Prosjekt som fremmer mindre forbruk, hindrar ressursøyding og at avfall oppstår:</p> <p>81. Utgreia ulike modellar og løysingar for utstyrssentral. Læra av andre.</p> <p>Fleire prosjekt, mellom anna i regi av arena biblioteket.</p>	Lærdal kommune, ansvarleg for kultur, oppvekst, helse, næring, lag og organisasjonar. Utstyrssentral i 2021/2022. Nye initiativ og løysingar gjennom heile perioden fram til 2030.
	Tilbod og ordningar for kollektiv transport med fossilfrie løysingar.	82. Gjennomgå behov for transport og moglege fossilfrie løysingar, digitale og fysiske. Læra av dei kreative i landet.	Lærdal kommune, utviklingsansvarleg, med fleir, lag og organisasjonar. Innan 2030.
	Nye transportløysingar og ny reiseatferd testas ut.	83. Nytt europeisk mobilitetsveke eller andre tider til å eksperimentera med nye måtar å koma fram på. Aksjon arbeidsveg, sykkelkampanje, bilfri dag, prøva nye framkomstmidlar og måtar. Læra av dei beste i landet og i Europa.	Lærdal kommune: oppvekst, pleie og omsorg, kultur, næring, teknisk, med fleir.
	Auka bildeling og samkøyring.	84. Lag og organisasjonar går saman om ein sams strategi og løysing for transport til fritidsaktivitetar.	Innan 2030.
		85. Praksisutvikling med analyse og vurdering av nye moglegheitene i ulike bransjar.	Leiarar i lag og organisasjonar og Lærdal kommune: leiarar for kultur og oppvekst. Innan 2022.
<p><i>Grøne Lærdal:</i></p>	Lærdal nyttar fordelane med eit endra klima.	85. Praksisutvikling med analyse og vurdering av nye moglegheitene i ulike bransjar.	Næringsorganisasjonane. Lærdal kommune: Næringsansv. 2030



<b>Lærdal, eit klimarobust og sikkert samfunn i eit endra klima.</b>	Færre og mindre omfattande skader ved klimarelaterte hendingar.	86. Oppdatera gamle skredkart og andre eksisterande ressursar. Innarbeida kunnskap om verneskog, med vidare.	Lærdal kommune, plan og forvaltning. Innan 2030.
	Lærdal kommune har god oversikt over- og kunnskap om fysisk risiko og konsekvensar av klimaendringar.	87. Søke meir kunnskap om vind og vindskadar. Utarbeida grunnlag og rutinar for omsyn til vind i kommunal planlegging, utbygging og beredskap.	Lærdal kommune, plan og forvaltning, tekniske tenester. Innan 2026.
		88. Kartlegga kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag (NVE), med gradering av farenivå.	Lærdal kommune, plan og forvaltning. I 2022.
	Lærdal kommune har eit godt flaumvern.	89. Gjennomføre flaumtiltak på Lærdalsøyri, så snart NVE / kommunen er klare med planen.	Lærdal kommune. Plan og forvaltning. NVE. Innan 2025.
	Betra skredsikring.	90. Gjennomføra planlagde tiltak for skredsikring.	Lærdal kommune: Plan og forvaltning. Innan 2030.
	Sikra område med bustader, næring og infrastruktur mot framtidig havnivåstigning.	91. Omsyn til stigande havnivå i planlegging av aktuelle område ved fjorden - i noverande og komande revisjonar av arealdelen.	Lærdal kommune. Plan og forvaltning. Innan 2030.
	Lærdal kommune har oversikt over- og systematisk handtering og sikring av forureina grunn og massar.	92. Utvikla ein sikringsplanplan med oversikt over område med forureina grunn og masselager, med tilhøyrande sikringstiltak. Utvikla kriterier for ny verksemd.	Lærdal kommune: tekniske tenester, plan og forvaltning. Innan 2025.
	Klimarisiko er innarbeida i overordna risiko og sårbarheitsanalyse.	93. Innarbeida klimarisiko, <u>med alle deltema</u> , i eksisterande overordna risiko- og sårbarheitsanalyse.	Lærdal kommune: ansvarleg for overordna risiko og sårbarheitsanalyse. Ved rullering.